

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

## Fråsegn til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for gnr. 25 bnr. 10 m. fl., Matre næringsområde, Masfjorden kommune

Vi viser til brev datert 12.06.20 om offentlig ettersyn av detaljregulering for gnr. 52 bnr. 10 m. fl., Matre næringsområde, Masfjorden kommune. Hovedføremålet med reguleringa er ei omstrukturering av vegsystemet i næringsområdet og leggje til rette for nye større næringsbygg med tilhøyrande parkering og utomhusareal. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til ulike kombinerte føremål for næring, lager og industri m.m. Det er vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

### Vurdering og innspel

Vestland fylkeskommune vurderer planarbeidet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

#### Infrastruktur og veg

Når det gjeld infrastruktur og veg i planen, så har Vestland fylkeskommune gjeve innspel til planarbeidet ved varsel om oppstart. Her vart dei ulike trafikale momenta som vi fann essensielle for planen kommentert og utdjupa. Vi ser at forslaget til reguleringsplan følgjer opp dei trafikkfaglege merknadane våre. Vi ser likevel å måtte påpeike nokre moment ytterlegare.

Når det gjeld byggjegrænse så gav vi ved oppstartvarsel merknad om 30 meter byggjegrænse for fylkesvegen til Stordalen, Fv 5442. Vi ser at den i planen er gitt 20 meter byggjegrænse. Vidare påpeika vi dei særskilte byggjegrænsene som gjeld for kryss. I planen gjeld dette kryss mellom o\_SV1 og o\_SV2 og o\_SV1 og E39. Vi ber om at dette vert retta opp i planen.

Når det gjeld frisisiktsoner så ber vi om at frisisiktzone mot kryssområdet på E39 vert riktig plassert både for nordgåande veg o\_SV1 og veg mot sør. Svingradiusar i kryss og avkøyrslar skal påførst plankartet.

Når det gjeld tiltak i området som råkar o\_SV1, fylkesvegen mot Stordalen, så skal det utarbeidast tekniske teikningar etter handbok R-700. Desse skal godkjennast av Vestland fylkeskommune. Godkjente teikningar vil danne grunnlaget for ei gjennomføringsavtale med Vestland fylkeskommune. Vi ber om at dette vert teken inn i føresegnene i planen.

Vi ser at rekkjefølgjekravet i planen pkt 1.6.1 legg opp til trafikale element i planen skal vere ferdigstilt før bruksløyve/ferdigattest. Vi rår til at dette vert endra til at desse må stå ferdig før det vert gjeve byggjeløyve. Vidare ber vi om at i pkt 1.6.1.3 vert teken inn at også o\_SV1 skal opparbeidast slik det går fram av planen, med tilhøyrande fortau.

Dersom det er knytt spørsmål til ovannemnde merknadar ber vi om at det vert teken kontakt med Vestland fylkeskommune.

**Kulturminne**

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller merknader i høve nyare tids kulturminne innanfor planområdet.

Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

**Meir informasjon**

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

**Oppsummering**

Vestland fylkeskommune ber om at ein i vidare arbeid særskild legg vekt på merknadane som gjeld infrastruktur og veg. Dersom det er knytt spørsmål til ovannemnde merknadar ber vi om at det vert teken kontakt med Vestland fylkeskommune.

Med helsing

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Arvid Hauge  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

**Sakshandsamar:**

Arvid Hauge, plan, klima og folkehelse  
Sigmund Matias Bødal, INV forvaltning og utgreiing  
Helene Moe, Solveig Lohne Rongved, Sigrun Wølstad, KII Kulturarv

Kopi til:

Fylkesmannen i Vestland      Statens hus - Njøsavegen 2